



Referat årsmøte 2020

Skype, 1. november 2020

Tilstades:

Spelemannslaget Fjelljom: Arne Sølvberg og Idar Holen
Indre Sunnfjord Spelemannslag: Knut Sandal og Leon Årdal
Naustedalen Spelemannslag: Rigmor Bjørkedal og Signe Mehl
Dalsfjorden Spelemannslag: Peter Kåre Igelkjøn
Hyen Spelemannslag: Fredrik Hope
Sogn spel og dansarlag: Mari Skjerdal Lysne
Gaular spelemannslag: Per Lien
Vindfylla spelemannslag: Thomas Hals og Berner Midthjell

Styret: Knut David Hustveit, Berner Midthjell
Administrasjon: Liv Ulvik
Observatør: Solfrid Gjeldokk, Folkorg

1. Val av møteleiar: Knut David Hustveit
2. Val av referent: Liv Ulvik
3. Val av to til å skrive under møteboka: Per Lien og Idar Holen

4. Godkjenning av innkalling.
Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner innkallinga.
5. Godkjenning av sakliste.
Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner saklista.
6. Årsmelding 2019.
Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga slik ho ligg føre.
7. Rekneskap med noter 2019
Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapen slik han ligg føre



8. Samhandling med Hordaland folkemusikklag

Styreleiar si saksutgreiing:

Samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane fylke til Vestland fylke medfører at den viktigaste økonomiske sponsoren til desse to laga vert den same. I samtale med administrasjonen til det nye fylket går det klart fram at dei framleis kjem til prioritere det arbeidet vi gjer. I meir generelle ordelag sa dei politiske representantane frå alle partia på kulturkonferansen i Bergen i 2019 om lag det same. Og eit klart fleirtal av dei var heilt klare på at kulturen i Vestland ikkje skulle få mindre pengar etter samanslåinga. (Det var før dei statlege løyvingane til det nye fylket var kjent.) Det kulturadministrasjonen i det nye fylket seier i tillegg er at dei kjem til å vurdere søknader om midlar til dei to områdelaga for folkemusikk og -dans sitt arbeid under eitt og gjev klart uttrykk for at dei i framtida ynskjer at begge områdelaga samordnar sine årlege søknader om midlar. Dei viser også til diverse andre organisasjonar for kultur som har slege seg saman i dette nye fylket og oppmodar også oss å om å vurdere samanslåing av våre to områdelag.

Etter at det vart kjent at vi skulle samlast i eit nytt Vestland fylke har begge områdelaga hatt fleire samlingar der framtidig samarbeid har vore emnet. Det kan også nemnast at det har vore drøftingar der både kulturskulane, Førdefestivalen, Ole Bull-akademiet, hardingfela.no og områdelaga har vore med.

Områdelaga har seg i mellom vurdert ulike samhandlingsformer knytt til korleis vi best kan møte det nye fylket. Denne vurderinga er gjennomført av styremedlem Per Øyvind Tveiten i Hordaland folkemusikklag og Ingrid Schei Stuhaug og styreleiar Knut David Hustveit frå Sogn og Fjordane folkemusikklag. Utgreiinga og framlegget er handsama av styra i begge områdelaga. I samband med drøftingane i denne gruppa har Hordaland sendt oss eit notat, datert 19.10.2020, som viser deira tankar om framtidig samhandling. Notatet ligg ved dei utsendte årsmøtedokument, og gjer klart at Hordaland folkemusikklag tolkar signala frå sine medlemslag slik at dei er positive til å danna eit nytt felles områdelag, er budde på å kalla inn til ekstraordinært årsmøte for å gjera vedtak i saka.

Det høyrer med til saka at Naustedalen spelemannslag har komme med følgjande framlegg til sak på årsmøtet 2020:


Naustedalen spelemannslag har framlegg til sak på årsmøtet om at Sogn og Fjordane musikklag skal halde fram som eige distriktslag. (Styreleiar går ut frå at det her meinast folkemusikklag og områdelag.)

Dette innspelet vart handsama i styresak **13/20 Framtidig samhandling med Hordaland folkemusikklag** der styret gjorde slikt vedtak:

“Styret set ned ei arbeidsgruppe på 2 personar der leiaren skal vere ein av dei. Dette føreset at Hordaland folkemusikklag gjer tilsvarande. Denne gruppa skal greie ut fordelar og ulempermed ulike framtidige samhandlingsalternativ innan utgangen av 2020. Dette skal så vere med å gje grunnlag for eit endeleg vedtak om struktur på neste årsmøte.

Framlegget frå Naustedalen spelemannslag vert etter dette utsett til neste årsmøte.”

Utskrift av styresak 13/20 med saksførelegg ligg ved dei utsendte årsmøtedokument.



Arbeidsgruppa har drøfta følgjande **5 punkt** som peikar på framtidige løysingar i større eller mindre grad.

1. Behalde noverande organisasjonsstruktur
2. Behalde noverande organisasjonsstruktur men skipar eit samarbeidsorgan som skal representere begge laga overfor offentlege og private samarbeidspartnarar.
3. Slå saman dei to områdelaga til eit heilt nytt områdelag (for Vestland fylke sitt område).
4. Etablerer samarbeid/avtale med hardingfela.no om sekretariatfunksjon. Kan gjerast uavhengig av områdeorganisering, men krev avklaring med hardingfela.no og deira eigarar.
5. Slå saman begge områdelaga og inngå samarbeid med hardingfela.n.o

Styreleiar si vurdering:

Punkt 1: Både våre vurderingar og signala frå Vestland fylkeskommune tilseier heilt klart at vi må etablere eit fastare samarbeid med Hordaland folkemusikklag. Det synest dermed heilt uaktuelt å halde fram med den organiseringa vi har utan ei eller anna form for tilpassing til den nye situasjonen (Sjå under p. 2).

Punkt 4 og 5: Når hardingfela.no er trekt inn i desse vurderingane heng det saman med at det i ovanfor nemnde samlingar har det vore ymta frampå om at det i framtida kan vere aktuelt å sjå på om ei omorganisering av denne kan vere formålstenleg i ei framtidig samhandling for betre å kunne fremje folkemusikk og –dans i Vestland fylke. Ei slik tilpassing er det hardingfela.no og deira eigarar som, om dette vert aktuell problemstilling i framtidige drøftingar, må ta endeleg stilling til. Denne tanken er ein strøtanke det ikkje er grunnlag for å ta stilling til pr. i dag.

Punkt 2: Skal vi behalde to organisasjonar synest det heilt klart at vi må etablere eit samarbeidsorgan som byggjer på ei bindande avtale mellom dei to laga eller eit sett med felles vedtekter for samarbeidsorganet som årsmøtet i begge laga må godkjenne. Her må det først og fremst lagast reglar for fordeling og bruk av laga sine ressursar, ulike samarbeidsformer m.m. Dette gjeld både økonomi og personalressursar m.m. Vi har alt i dag etablert samarbeid om det særdeles viktige rekrutteringsarbeidet (Vidareføring av Mokurs, TØFT m.m.). Nedanfor er teke med ei oppstilling av det vi ser på som både positivt og negativt ved ei slik løysing.

Pluss:


- Gjer ein naudsynt kontakt med offentlege og private institusjonar og organisasjonar enklare.
- Tilfredsstill fylkeskommunen sitt ynskje om samordna søknader
- Fordeler tilførde ressursar på dei to distriktslaga etter fastlagd nøkkel
- Beheld den lokale forankringa vi har i dag.
- Beheld den identiteten vi har.

Minus:

- Kompliserer i stor grad søknadsprosessar og fordeling både av laga sine tilførde og egne ressursar.
- Krev ekstra administrativ innsats

Kommentar:

Det er ein realitet at ressurstilgangen for dei to noverande områdelaga er ulik. Sogn og Fjordane folkemusikklag har gjennom lang tid hatt tilstrekkeleg med midlar til å halde oppe ei deltidstilling og dermed kunna drive større prosjekt og å halde oppe ein høgare aktivitet. Det er heilt naturleg at det vil vere ein skilnad om vi må bruke tid på å finne løysing på når det skal



hentast frå ei felles kasse og eit felles politisk forum. Som ei langvarig, eventuelt, permanent ordning skaper det trong for eit ekstra organisasjonsledd.

Punkt 3: Samanslåing krev ny organisering med nye vedtekter m.m. Nedanfor er teke med ei oppstilling av både positivt og negativt sider ved denne løysinga.

Pluss:

- Blir ein større og meir slagkraftig organisasjon overfor offentleg instansar
- Gjev større tyngde når ein skal skaffe seg andre sponsorar
- Får større tyngde overfor media og vil truleg nå betre fram med informasjon til alle
- Får sterkare økonomi.
- Får større nedslagsfelt for tiltak knytt til rekruttering, opplæring, fellesarenaer som t.d. kappleikar, festivalar m.m.
- Vesentleg enklare samhandling mellom dei «gamle» områda.
- Moglegheit for å etablere ein sams administrasjon for heile området
- Lettare å utnytte den fordelene som ligg i at mange av dei viktigaste utfordringane i begge organisasjonane vert løyste i fellesskap med felles tiltak – så som rekruttering, skape attraktive miljø m.m.

Minus:

- Stort distrikt
- Større avstand mellom lokal organisasjon og områdeledd både fysisk og mentalt – sentraliserande.
- *Vanskelegare å fange opp og røkte alle lokale «dialektar» innan musikk, song og dans og dermed større fare for at dei ulike dialektane vert ulikt vektlagde.*

Kommentar:

Det er ikkje noko mål i seg sjølv å bli større. Avstandar innanfor området og mellom laga vil auka. Kanskje også mellom einskildlaga og områdelaget. Det som er utfordringa er likevel at økonomien i stor grad er avhengig av ei kjelde, Vestland fylkeskommune, og vi vil då og ha ein forhandlings-/diskusjonspart å forhalde oss til og eit felles politisk landskap å manøvrere i. Avvik reint «folkemusikk-dialektisk» er truleg eit underordna problem. Til det har vi for mykje felles med lange sams tradisjonar. Her kjem uansett lokallaga inn som ein vesentleg aktør. Dei lokale variantane er knytt til desse. Områdelaget si utfordring er å gje rom for variasjonane på like vilkår.

Styreleiar sin konklusjon:

Mange av desse møta som er vist til ovanfor har føregått som nettmøte. Slik var det også før Covid-19 pandemien la si klamme hand over oss. Det viser at det, i langt større grad enn tidlegare, let seg gjere å ha god kontakt trass i større avstandar. Det er med dagens teknologi råd å samle folk til styremøte og liknande vesentleg lettare og ikkje minst billigare enn tidlegare. Utfordringa knytt til avstand vert dermed redusert. Dette saman med alle plussmomenta ved samanslåing medverkar til at eg ser vesentlege fordeler ved å slå saman Hordaland og Sogn og Fjordane folkemusikklag til eit lag.

Den geografiske utfordringa bør likevel så langt råd takast omsyn til i utforming av vedtekter, samansetting av styre og utval og budsjettering for å nemne nokre viktige punkt.

Det bør settast saman eit utval med to representantar frå kvart områdelag som får i oppgåve å utarbeide eit framlegg til vedtekter og naudsynt opplegg for å gjennomføre ei samanslåing av desse to laga. Slikt framlegg bør leggest fram for årsmøtet 2021 til endeleg avgjerd. Det kan bli aktuelt å søkje råd og rettleiing frå Folkorg m.fl. i dette arbeidet

Det vert elles vist til notat av 19.10.2020 frå Hordaland folkemusikklag.



Styret sitt samrøystes framlegg til vedtak på årsmøte (av styremøte 26.10.20):

Årsmøtet i Sogn og Fjordane folkemusikklag ber styret sette ned ei arbeidsgruppegrupper på 2 personar. Desse skal saman med 2 personar frå Hordaland folkemusikklag utarbeide framlegg til vedtekter for eit nytt områdelag i Vestland fylke til erstatning for dei to laga som er i området i dag.

Framlegget frå arbeidsgruppa vert å legge fram for årsmøtet i 2021 slik at eventuell endeleg samanslåing kan gjennomførast frå 01.01.2022.

Dette vedtaket medfører også at framlegget frå Naustedalen spelemannslag vert teke opp til realitetshandsaming i årsmøtet 2021.

Diskusjon i årsmøtet:

Fleire kommenterte på dette framlegget at denne saka var noko dei fyrst måtte drøfta i årsmøte i lokallaga sine, og at dei difor ikkje kunne ta stilling til eit slikt vedtak no. Det vart og bemerkta at årsmøtet i 2021 som haldast i mars/april er ein knapp frist til å gjera eit slikt arbeid. Det vart forslege eit eventuelt ekstraordinært årsmøte hausten 2021 til å handsama saka.

Grensene for eit evt nytt lag vart og nemnt. Hornindal no ligg i Møre og Romsdal, og Nordfjord er meir i slekt med Sunnmøre enn Hordaland. Fleire andre områdelag fylgjer ikkje fylkesgrense. Styret er merksame på dette.

Indre Sunnfjord og Fjelljom spelemannslag kom med nytt framlegg til vedtak som vart samrøystes vedteke: Årsmøtet i Sogn og Fjordane folkemusikklag ber styret sette ned ei arbeidsgruppe på 2 personar, der leiaren er ein av dei. Desse skal saman med 2 personar frå Hordaland folkemusikklag greie ut fordelar og ulemper med ulike framtidige samhandlingsalternativ innan utgongen av 2021. Dette skal så vera med å gje grunnlag for eit endeleg vedtak om framtidig struktur på årsmøte i 2022.

Framlegget frå Naustedalen spelemannslag vert etter dette utsett til årsmøtet 2022.

9. Arbeidsprogram 2020–2023

Rettingar: Arena, Tiltak:

- Revitalisere Mokurs-konseptet i samarbeid med Hordaland folkemusikklag og andre aktuelle samarbeidspartnarar, og samtidig sjå dette rekrutterings-arbeidet saman med andre rekrutteringstiltak som TØFT-satsing, Smørbukk-kappleik m.m.

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet stadfester arbeidsprogrammet med den merknaden som er kome fram.

10. Aktivitetsplan 2020

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet godkjenner aktivitetsplanen slik han ligg føre.

11. Fastsetjing av medlemskontingent for 2021

Styret si saksutgreiing:

Tabellen nedanfor viser eit oversyn over dagens kontingent og prisutviklinga frå den vart vedteken fram til 2019.

Gruppe	Kontingent 2019	Vedteke år	2019 *)
Born og ungdom (til og med 18 år)	30,-	2012	35,40
Vaksne	80,-	2012	94,40
Lag	800	2015	886,40

*) berekna ut frå gjennomsnittleg konsumprisindeks for varer og tenester.

Samrøystes vedtak:

Medlemskontingent for vaksne: kr 100,-

Medlemskontingent for born/ungdom (t.o.m. 18 år): kr 40,-

Medlemskontingent for lag: kr 900,-

12. Budsjett 2020

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet godkjenner budsjett 2020.

13. Offentleggjering av styreprotokollar

Øystein Lavik frå Leikanger har i e-post av 26.02.2020 til leiar meldt inn følgjande sak til Årsmøtet 2020 i Sogn og Fjordane folkemusikklag:

Sak til årsmøtet 2020:

Styre- og årsmøta skal annonserast/kunngjerast på lagets nettsider.

I rimeleg tid før møta skal dei saksdokumenta som ikkje er hemmelegstempla gjerast tilgjengeleg på lagets nettsider.


Seinast to dagar etter møta skal møtereferatet gjerast tilgjengeleg på lagets nettsider.

Øystein Lavik

Styreleiar si utgreiing og vurdering:

Øystein Lavik opplyser ikkje noko om kva medlemstilknytning han har til Sogn og Fjordane folkemusikklag. Ved gjennomgang av medlemslistene for dei ulike laga finn vi ikkje at han er registrert som medlem noko stad. I vedtektene for laget går det fram at enkeltmedlemmer har møte- og talerett i årsmøtet. Det er laga sine valde utsendingar som har røysterett. Det står ikkje noko om kven som har rett til å komme med framlegg.

Etter dette må konklusjonen vere at Øystein Lavik ikkje har rett til å fremja framlegg verken til styret eller årsmøtet. Han har dermed ikkje noko krav på at laget skal ta omsyn til hans innspel. Han peikar likevel på ei viktig utfordring for laget når det gjeld korleis laget informerer sine medlemmer om styrearbeidet.



Det er viktig at medlemmene i laget får god orientering om styret og årsmøtet sine saker og bakgrunnen for desse. Ein måte å oppfylle eit slikt mål er å syte for at medlemmene vert godt orienterte om sakene som vert handsama i desse organa. Den strenge praksisen framlegget til Lavik legg opp til er i praksis bortimot uråd å oppfylle med omsyn til å få presentert godkjende referat. Med dette som bakgrunn saman med Lavik si manglande tilknytning til organisasjonen ser ikkje styret nokon grunn til å realitetshandsame dette framlegget.

Styret må bli flinkare til å bruke elektroniske medium. Her bør ein m.a. presentere ein årsplan for styremøta slik at folk veit når det er planlagt å halde styremøte. Det vil gje medlemmene høve til å komme med innspel i førekant av møta. Det må i tillegg vere opning for at styret kan halde møte utanom denne planen dersom det er trong for det. Elles er dette gode fora for å belyse viktige hendingar og saker. Det er samtidig viktig å sile ut saker som både er påkrevd og naturleg å halde unna offentleggjering.

Merknad:

Leiar i Sogn spel og dansarlag Mari Skjerdal Lysne gjorde årsmøtet merksam på at saka er fremja av ein av deira medlemmar. Saka må soleis handsamast av årsmøtet.

Samrøystes vedtak:

Styret bør setja opp noko meir utfyllande føringar på korleis ulike medier skal nyttast i 2021.

14. Val

Innstilling frå valnemnda:

Leiar: Knut David Hustveit (1 år)

Styremedlemmer:

- Gunnhild Dahling Korsøen (på val i 2021)
- Ine Kjøsnes Raad (på val i 2021)
- Arne Fossøy (2 år)
- Jorunn Sollid (2 år)

1.vara: Marie Nicolaisen (1 år)

2.vara: Dagfrid Vallestad Brevik (1 år)

3.vara: Berner Midthjell (1 år)

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet godkjenner innstillinga frå valnemnda

Det er årsmøtet som vel valnemnd. Erling Bjørn Vigdal går ut etter val i 2020.

Framlegg til valnemnd:

- Aud Sissel Orheim (1 år) leiar
- Leon Årdal (2 år)
- **Einar Ese** (3 år)

Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner valnemnd.



Fråsegn:

Lystringen-, Jostedalen- og Sogn spel og dansarlag har saman med Indre Sunnfjord spelemannslag sendt inn ei fråsegn til årsmøtet. Fråsegna dreier seg om egna musikk til dansetevling i hamborgar, og betre geografisk spreing i dommarpanelet. Fråsegna etterlyser og pengepremiar i lagdans og stiller spørsmål ved om pols er både bygde- og gamaldans. Årsmøtet hadde nokre kommentarar til fråsegna, og denne vert difor ikkje sendt vidare til Folkorg frå Sogn og Fjordane folkemusikklag i si noverande form, men vert teken opp att til vurdering etter ei ny omarbeing.

Mette Carlsen og Ingrid Buvarp Aardal gjekk ut av styret og fekk tilsendt kvar sin blome som takk for jobben.

Referent,

Liv Ulvik

Per Lien

Idar Holen